

Klubben i Utdanningsforbundet v/Anita L. Askeland

Fagforbundet v/Gunn Torill Berge

Grasdal skule, 21. aug. 2015

Meland kommune,

Rådmann og formannskap

### Sak 101/2015: Uttale til saksframlegg om Utbygging av Sagstad og Grasdal skule

Tilsette og elevar ved Grasdal skule har gjennom fleire år hatt dårlege arbeidstilhøve med tanke på for lite areal og mangel på spesialrom ved skulen. Vi har prøvd å finne midlertidige løysingar for å gi elevane så godt læringsutbytte som mogleg og dette har vore krevjande.

I desember 2014 vart det vedteke i Kommunestyret at Sagstad og Grasdal skule skulle byggast på. Vi såg for oss at tilhøva ved skulen ville bli betrakteleg betre både for oss tilsette og elevane.

I januar vart det satt ned ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med forprosjekt for utbyggingane. I denne gruppa var rektor og verneombod representantar frå Grasdal skule. Vi opplevde at vi fekk vera delaktige og medverkande i prosessen med planlegging og kartlegging for å få eit funksjonelt og tenleg skulebygg for framtida.

Vi fekk informasjon om at utbygginga skulle starte ved skulestart i skuleåret 2015/2016. Rett før sommarferien vart rektor informert om at dette ville bli utsatt til september/oktober, men ingen var uroa over at utbygginga ikkje ville kome i gong i løpet av hausten.

No tilrår rådmannen at ein gjennomfører utbygginga av Sagstad skule som planlagt i forprosjektet, men utset utbygginga av Grasdal og løyser arealbehovet ved å setje opp modulbygg.

Allereie onsdag 26.08.15 skal saka opp for formannskapet i kommunen. Vi stiller oss sterkt undrande og kritiske til korleis ingen involverte partar ved skulen vår har fått vera deltakande i prosessen med å vurdere kva ein skulle gjere når ein såg den nye kostnads kalkylen.

I ei så viktig og krevjande sak er det naudsynt at alle involverte partar får vera delaktig og medverkande for å finne best moglege løysingar. At rektor ved skulen har blitt halden utanfor, er etter vårt syn eit alvorleg tillitsbrot og vi opplever at våre krevjande arbeidstilhøve ikkje blir teken på alvor.

Elevtalsprognosane for Grasdal skulekrins er ikkje usikre. Argumentasjonen slik vi ser den i saksframlegget er etter vårt syn for svak grunngjeving for å ikkje byggje ut Grasdal skule. Vi veit at det er planlagt stor utbygging i området mellom Litlebergen og Moldekleiv.

Utbygginga er avhengig av utbetring av fylkesveg 245 og Fosse-krysset. Denne vegutbetringa er ein del av Nordhordlandspakken som no er vedtatt i alle kommunar. Den store auken i

elevtal ved Grasdal skule er i dei siste åra komen gjennom stor tilflytting til krinsen og dette vil auke i åra framover.

Vi meiner at det er fleire andre gode argument for å prioritere å byggje ut Grasdal skule først:

- Skulen er prega av ein ufullstendig arkitektur og er lite funksjonell til dagens bruk. Det er stor trong for å byggje om i tillegg til nytt areal.
- Det er særst dårlege tilhøve for administrasjonen ved skulen. Rektor, inspektør, sekretær og helsesøster deler kontor. I tillegg blir òg kontoret brukt som møterom sidan det ikkje eksisterer rom til dette formålet på skulen. Med modulbygg fortset denne uheldige situasjonen for administrasjonen.
- Grasdal har ikkje hatt spesialrom på fleire år, kjøkken, formingsrom og sløydrom er tatt i bruk som vanleg klasserom. Ordinær sløydundervisning har det ikkje vore dei siste åra, i enkelte periodar har lærarar flytta sløydbenker ut i uverskuret for å finne ein alternativ løysing. Dette er imidlertid noko ein ikkje kan drive med i lang tid.
- Grasdal har veldig dårleg tilhøve for spesialundervisning og grunnleggjande norskopplæring. Det er alt for få grupperom, så ein må nytte areal der det er gjennomgang av andre. Dette gir lite verdige tilhøve for desse elevane og skaper slitasje på dei tilsette som gjennom fleire år har prøvd å finne alternative løysingar for å gi desse elevane eit godt læringsutbytte.
- Skulebygget manglar kommunikasjonsvegar – mediateket er midt i skulebygget og er eit rom utan vindauge. Der føregår det ikt-undervisning, utlån av bøker, spesialundervisning m.m.
- Eit modulbygg vil ta mykje av uteområdet til elevane og vil heller ikkje løyse dei kritiske punkta vi har i dag med eit lite funksjonelt skulebygg. Uteområdet ved skulen vert òg brukt på fritida til born og ungdom i krinsen. Barn/unge som soknar til krinsen har dårleg tilbod på fritidsaktivitetar. Sagstad har fleire slike tilbod i nærleiken.
- Vi har for lite areal til arbeidsplassar for lærarane ved skulen. Dette har berre blitt forverra dei sist åra p.g.a auke i tilsette.
- Vi har gjennom fleire år opplevd å måtte vere veldig fleksibel og løysingsorienterte for å tilpasse og organisere undervisning for elevane under tronge rammevilkår og dårlege fysiske arbeidsforhold. Dette er noko som krev mykje energi og vil i lengda gi auka slitasje på arbeidstakarane.

Vi meiner at det er mange gode argument for at det er Grasdal skule sin tur på prioriteringslista!

Med helsing

Klubben i Utdanningsforbundet ved Grasdal

Anita Lillian Askeland

Fagforbundet ved Grasdal

Gunn Torill Berge

